



INDRE SOGN  
SPAREBANK  
ekte lokalbank



**DELÅRSRAPPORT**

**&**

**REKNESKAP**

2. kvartal 2014

## Styret si melding

### Kvartalsrapport pr. 30.06.2014

Rekneskapsstandardane for 2. kvartal 2014 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane (IFRS) vedteke av EU. Rekneskapsstandardane er presentert i samsvar med IAS 34 "delårsrapportering". IFRS-rekneskapsstandard fører ikkje til realitetsendringar i underliggjande verdiar i rekneskapsstandardane, men vil føra til større svingingar i resultat og eigenkapital. Det som følgje av auka bruk av verkeleg verdi.

Alle tal som er kommentert gjeld for konsernet om ikkje anna er oppgjeve.

### Driftsresultatet før skatt

Indre Sogn Sparebank fekk eit driftsresultat før skatt på NOK 16,80 mill. pr. 30.06.2014, mot NOK 10,36 mill. pr. 30.06.2013. Avviket skuldast i hovudsak betre rentenetto, høgare provisjonsinntekter og vinst på finansielle instrument mellom anna grunna sal av banken sine aksjar i NETS. Pr. 30.06.2014 hadde banken NOK 0,81 mill. høgare rentenetto og NOK 1,08 mill. lågare tap på utlån enn pr. 30.06.2013.

Resultat av ordinær bankdrift (driftsresultat før skatt – kursvinst/tap på verdipapir og valuta) pr. 30.06.2014 var NOK 0,64 mill. betre enn pr. 30.06.2013.

Driftsresultatet etter skatt gir ein eigenkapitalrentabilitet pr. 30.06.2014 på 11,16 %.

### Rentenetto

Netto renteinntekter er utrekna til 1,66 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, det same som pr. 30.06.2013. Netto renteinntekter auka med NOK 0,81 mill. samanlikna med 30.06.2013. Det skuldast mellom anna lågare innlånskostnader. Det er framleis sterkt press på rentenettoen.

### Driftsinntekter

Pr. 30.06.2014 var andre ordinære driftsinntekter (andre driftsinntekter + netto provisjonsinntekter/gebyr banktenester) NOK 10,13 mill. mot NOK 7,04 mill. pr. 30.06.2013. Dette skuldast auka andre driftsinntekter og gebyr- og provisjonsinntekter. Utbyte og vinst/tap på handel med verdipapir og valuta aukar ordinære driftsinntekter med NOK 9,59 mill. pr. 30.06.2014. Til same tid i fjor ga dette eit positivt bidrag på NOK 5,00 mill.



## Driftskostnader

Pr. 30.06.2014 var driftskostnadene NOK 28,66 mill. mot NOK 25,53 mill. til same tid i fjor. Kostnadsauken skuldast i hovudsak auka løn- og personalkostnader, og auka andre kostnader. Kostnadsprosenten pr. 30.06.2014 er 67,75 % mot 64,44 % pr. 30.06.2013.

## Tap på utlån og garantiar

Banken har pr. 30.06.2014 ført tap på utlån med NOK 2,58 mill. mot NOK 3,66 mill. til same tid i fjor. I løpet av 2. kvartal 2014, har morbanken auka individuelle nedskrivingar med NOK 1,01 mill. Gruppenedskrivingane i morbank er redusert i 2. kvartal 2014 med NOK 0,20 mill. Sum individuelle nedskrivingar i morbank utgjør 0,36 % og nedskriving av grupper utgjør 0,24 % av brutto utlån pr. 30.06.2014.

## Kapitaldekning

Pr. 30.06.2014 var banken si kapitaldekning 18,50 % mot 18,17 % pr. 30.06.2013. Utrekningsgrunnlaget har auka frå NOK 1.842,21 mill. pr. 30.06.2013 til NOK 1.860,78 mill. pr. 30.06.2014. Rein kjernekapitaldekning var 11,09 % pr. 30.06.2014 mot 10,71 % pr. 30.06.2013.

## Avkastning på eigenkapitalbevisa

Driftsresultat pr. 30.06.2014 etter berekna skatt, vart NOK 14,42 mill. mot NOK 8,73 mill. pr. 30.06.2013. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Difor er det heller ingen utvatningseffekt på resultatet pr. eigenkapitalbevis. Pr. 30.06.2014 utgjør avkastninga NOK 7,61 pr. eigenkapitalbevis etter skatt. I morbank pr. 30.06.2014 er avkastninga NOK 7,51 pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

## Utlån

I 2014 er utlåna i morbank reduserte med NOK 101,73 mill. eller 3,60 % til NOK 2.722,41 mill. Utlån til personkundar er redusert med NOK 29,40 mill. medan utlån til næringslivet er reduserte med NOK 72,33 mill. I tillegg yter banken NOK 834,92 mill. i lån til banken sine personkundar via Eika Boligkreditt AS. I 2014 er det ein auke i porteføljen på NOK 151,35 mill. Sett i samanheng med Eika Boligkreditt AS, hadde banken ein samla vekst dei siste 12 månadane på NOK 147,99 mill, eller 4,34 %.



## Innskot

I 2014 har innskota i morbank auka med NOK 222,44 mill. eller 10,36 % til NOK 2.368,56 mill. Innskot frå personkundar har i 2014 auka med NOK 111,08 mill. medan innskot frå næringslivskundar har auka med NOK 111,36 mill. Innskotsdekninga i morbank pr. 30.06.2014 er 87,00 %.

## Forvaltningskapital

Banken sin forvaltningskapital har i 2014 auka med NOK 186,52 mill. til NOK 3.653,57 mill. pr. 30.06.2014, ein auke på 5,38 %.

## Dotterselskap

Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS er 100 % eigd av banken. Selskapet vart kjøpt opp den 1. mai 2013 som ein del av banken si strategiske satsing på eigedomsmekling i Indre Sogn. Den 10. desember 2013 utvida banken eigenkapitalen til dotterselskapet med 77 aksjar à NOK 13.000. Selskapet hadde eit resultat etter skatt på NOK 0,20 mill. 2. kvartal 2014.

## Utsiktene framover

Netto renteinntekter og provisjonar har vist ein fin auke i 2. kvartal 2014 og det same har netto vinst på finansielle instrument. Styret forventar framleis auke i desse inntektene.

Styret har god kontroll på banken sin kreditt- og likviditetsrisiko. Kapitaldekninga er god, men banken jobbar vidare med å tilpassa seg ein kapitalstruktur som tek omsyn til styresmaktene og marknaden sine forventa krav til kapitaldekning, og forventningar om framtidig vekst. Utbytepolitikken til banken er uendra. Til banken har nådd måla sine i høve rein kjernekapital, vil dette påverka utdelingsgraden.

Styret prioriterer arbeidet med å tilpassa banken til ein ny kvardag i høve kundebehov og konkurranse. I 2014 vil alle kassane i banken bli fasa ut samstundes som ny teknologi blir installert på kontora.

Det vert arbeidd kontinuerleg med kvalitet og kompetanseheving blant dei tilsette.



## Erklæring frå styret og adm. banksjef

Me erklærer etter beste overtyding at halvårsrekneskapen for perioden 1. januar til 30. juni 2014 er utarbeidd i samsvar i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC) og at opplysningane i rekneskapen gir eit rett bilete av banken sine eigendelar, gjeld, finansielle stilling og resultat. Styret og adm. banksjef meiner òg at halvårsrapporten gir ei rett oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden og kva slags verknad desse har på halvårsrekneskapen, og ei vurdering av dei mest sentrale usikre forhold og risikofaktorar banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Årdalstangen den 13. august 2014

*Siv Enerstvedt (s.)*  
Fungerande styreleiar

*Morten Kristiansen (s.)*

*Jorunn Nilssen (s.)*

*Souja-Mari H. Atterås (s.)*

*Per Åke Eujestad (s.)*

*Egon M. Moen (s.)*  
Adm. banksjef



Delårsrekneskap 2. kvartal 2014

RESULTAT (i 1.000 kr)	Morbank					i % av gj.sn. forv.kap.	Konsern					i % av gj.sn. forv.kap.
	2. kv.14	2. kv.13	30.06.2014	30.06.2013	31.12.2013		30.06.2014	2. kv.14	2. kv.13	30.06.2014	30.06.2013	
Renteinntekter	35.036	35.182	69.483	68.661	141.024	4,07 %	35.036	35.338	69.482	68.817	141.188	4,07 %
Rentekostnader	20.657	20.745	41.168	41.158	82.364	2,41 %	20.655	20.903	41.167	41.316	82.539	2,41 %
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>14.378</b>	<b>14.437</b>	<b>28.315</b>	<b>27.503</b>	<b>58.660</b>	<b>1,66 %</b>	<b>14.380</b>	<b>14.435</b>	<b>28.315</b>	<b>27.501</b>	<b>58.649</b>	<b>1,66 %</b>
Utløyst	3.412	4.069	3.860	5.072	5.073	0,23 %	3.412	4.069	3.860	5.072	5.073	0,23 %
Provisjonsinntekter m.v.	4.775	4.042	9.593	7.710	17.508	0,56 %	4.775	4.042	9.593	7.710	17.508	0,56 %
Provisjonskostnader m.v.	749	563	1.440	1.108	2.496	0,08 %	749	577	1.440	1.122	2.510	0,08 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	4.625	-212	5.727	-74	1.833	0,34 %	4.625	(212)	5.727	-74	1.833	0,34 %
Andre driftsinntekter	36	289	174	442	809	0,01 %	841	718	1.980	871	2.180	0,12 %
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>12.099</b>	<b>7.625</b>	<b>17.914</b>	<b>12.042</b>	<b>22.727</b>	<b>1,05 %</b>	<b>12.904</b>	<b>8.040</b>	<b>19.720</b>	<b>12.457</b>	<b>24.084</b>	<b>1,16 %</b>
Løn og personalkostnader	6.089	5.631	13.437	12.312	24.358	0,79 %	6.360	5.837	14.125	12.518	25.180	0,83 %
Administrasjonskostnader	2.781	2.383	4.557	4.602	9.857	0,27 %	2.831	2.419	4.690	4.638	10.278	0,28 %
Avskrivning på driftsmidler	881	930	1.760	1.858	3.724	0,10 %	881	930	1.760	1.858	3.730	0,10 %
Andre driftskostnader	3.678	3.487	7.299	6.758	13.196	0,43 %	4.092	3.660	8.088	6.931	13.735	0,47 %
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>13.430</b>	<b>12.431</b>	<b>27.053</b>	<b>25.530</b>	<b>51.134</b>	<b>1,59 %</b>	<b>14.165</b>	<b>12.846</b>	<b>28.663</b>	<b>25.945</b>	<b>52.923</b>	<b>1,68 %</b>
Tap på utlån	2.553	2.804	2.575	3.657	9.286	0,15 %	2.553	2.804	2.575	3.657	9.286	0,15 %
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>10.495</b>	<b>6.827</b>	<b>16.601</b>	<b>10.358</b>	<b>20.967</b>	<b>0,97 %</b>	<b>10.567</b>	<b>6.825</b>	<b>16.799</b>	<b>10.356</b>	<b>20.525</b>	<b>0,99 %</b>
Skattekostnad	722	901	2.380	1.631	5.022	0,14 %	722	901	2.380	1.631	4.903	0,14 %
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>9.773</b>	<b>5.926</b>	<b>14.221</b>	<b>8.727</b>	<b>15.945</b>	<b>0,83 %</b>	<b>9.845</b>	<b>5.924</b>	<b>14.419</b>	<b>8.725</b>	<b>15.621</b>	<b>0,85 %</b>
<b>Utvida resultat</b>												
Postar som ikke vil bli reversert i ordinært resultat												
Endring i estimatavvik pensjonsordning	0	0	0	0	-1.406	0,00 %	0	0	0	0	-1.406	0,00 %
Postar som kan bli reversert i ordinært resultat												
Verdiendring på finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	-5.136	-1.347	-1.779	1.037	11.537	-0,10 %	(5.136)	(1.347)	-1.779	1.037	11.537	-0,10 %
<b>Utvida resultat etter skatt</b>	<b>-5.136</b>	<b>-1.347</b>	<b>-1.779</b>	<b>1.037</b>	<b>10.131</b>	<b>-0,10 %</b>	<b>-5.136</b>	<b>-1.347</b>	<b>-1.779</b>	<b>1.037</b>	<b>10.131</b>	<b>-0,10 %</b>
<b>Totalresultat</b>	<b>4.636</b>	<b>4.579</b>	<b>12.442</b>	<b>9.764</b>	<b>26.076</b>	<b>0,73 %</b>	<b>4.708</b>	<b>4.577</b>	<b>12.640</b>	<b>9.762</b>	<b>25.752</b>	<b>0,74 %</b>
<b>Basis og utvatna resultat per eigenkapitalbevis</b>	<b>5,16</b>	<b>3,16</b>	<b>7,51</b>	<b>4,65</b>	<b>8,51</b>		<b>3,16</b>	<b>7,61</b>	<b>4,65</b>	<b>8,34</b>		

  

BALANSE (i 1.000 kr)	Morbank				% av forv.kap.	Konsern				% av forv.kap.
	30.06.2014	30.06.2013	31.12.2013	30.06.2014		30.06.2014	30.06.2013	31.12.2013	30.06.2014	
<b>Eigendelar</b>										
Kontantar og fordringar på sentralbanker	399.699	275.032	138.505	10,94 %	399.699	275.032	138.506	10,94 %		
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	230.199	69.019	193.293	6,30 %	230.199	69.019	193.293	6,30 %		
Utlån til og fordringar på kundar	2.706.245	2.791.859	2.803.486	74,07 %	2.707.063	2.792.495	2.804.016	74,10 %		
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	174.703	206.135	205.889	4,78 %	174.703	206.135	205.889	4,78 %		
Verdipapir tilgjengeleg for sal	89.796	71.533	86.434	2,46 %	89.836	71.575	86.474	2,46 %		
Investering i dotterselskap	2.301	1.300	2.301	0,06 %	0	0	0	0,00 %		
Goodwill	0	0	0	0,00 %	912	912	912	0,02 %		
Utsett skattefordel	762	288	762	0,02 %	879	288	879	0,02 %		
Varige driftsmidler	34.464	35.807	34.244	0,94 %	34.464	35.813	34.244	0,94 %		
Andre eigendelar	15.405	1.873	2.455	0,42 %	15.464	1.873	2.492	0,42 %		
<b>Sum eigendelar</b>	<b>3.653.574</b>	<b>3.452.846</b>	<b>3.467.369</b>	<b>100,00 %</b>	<b>3.653.219</b>	<b>3.453.142</b>	<b>3.466.705</b>	<b>100,00 %</b>		
<b>Gjeld og eigenkapital</b>										
Gjeld til kredittinstitusjonar	1	137.112	10.132	0,00 %	1	137.112	10.132	0,00 %		
Innskot frå kundar	2.368.557	2.116.379	2.146.118	64,83 %	2.359.224	2.105.164	2.131.209	64,58 %		
Gjeld ved utsteda verdipapir	856.597	800.566	901.190	23,45 %	856.597	800.566	901.190	23,45 %		
Anna gjeld	22.915	19.660	13.277	0,63 %	32.022	31.175	27.847	0,88 %		
Pensjonsforpliktingar	1.134	1.444	2.684	0,03 %	1.134	1.444	2.684	0,03 %		
Ansvarleg lånekapital	138.561	138.150	138.371	3,79 %	138.561	138.150	138.371	3,79 %		
<b>Sum gjeld</b>	<b>3.387.765</b>	<b>3.213.311</b>	<b>3.211.772</b>	<b>92,72 %</b>	<b>3.387.539</b>	<b>3.213.611</b>	<b>3.211.433</b>	<b>92,73 %</b>		
Opprent eigenkapital	187.152	165.334	191.160	5,12 %	186.828	165.334	190.835	5,11 %		
Innskoten eigenkapital	64.437	64.437	64.437	1,76 %	64.437	64.437	64.437	1,76 %		
Utdisponert overskot etter skatt	14.221	9.764		0,39 %	14.417	9.760		0,39 %		
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>265.809</b>	<b>239.535</b>	<b>255.597</b>	<b>7,28 %</b>	<b>265.682</b>	<b>239.531</b>	<b>255.272</b>	<b>7,27 %</b>		
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>3.653.574</b>	<b>3.452.846</b>	<b>3.467.369</b>	<b>100,00 %</b>	<b>3.653.221</b>	<b>3.453.142</b>	<b>3.466.705</b>	<b>100,00 %</b>		
<b>Postar utanom balansen</b>										
Garantiar	97.638	105.792	103.331		103.331	105.792	103.331			
Garanti Eika Boligkreditt AS	84.452	69.870	78.213		78.213	69.870	78.213			

# Eigenkapitaloppstilling

## Eigenkapitaloppstilling morbank pr. 30.06.2014

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Sum eigen- kapital	i 1.000 kr
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjæmnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
<b>Eigenkapital 01.01.2013</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>133.931</b>	<b>15.005</b>	<b>18.425</b>	<b>279</b>	<b>232.076</b>	
Resultat etter skatt			5.280	5.383	5.281		15.945	
<i>Utvida resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			-1.926				-1.926	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			520				520	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						11.537	11.537	
<b>Totalresultat 31.12.2013</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3.874</b>	<b>5.383</b>	<b>5.281</b>	<b>11.537</b>	<b>26.076</b>	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2012				-2.056			-2.056	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-500		-500	
<b>Eigenkapital 31.12.2013</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>137.805</b>	<b>18.332</b>	<b>23.206</b>	<b>11.816</b>	<b>255.597</b>	
Resultat etter skatt			14.221				14.221	
<i>Utvida resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon							0	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon							0	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						-1.780	-1.780	
<b>Totalresultat 30.06.2014</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>14.221</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-1.780</b>	<b>12.441</b>	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2013				-2.056			-2.056	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-173		-173	
<b>Eigenkapital 30.06.2014</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>152.026</b>	<b>16.276</b>	<b>23.033</b>	<b>10.037</b>	<b>265.809</b>	



## Eigenkapitaloppstilling konsern pr. 30.06.2014

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Sum eigen- kapital	i 1.000 kr
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjæmnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
<b>Eigenkapital 01.05.2013</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>133.931</b>	<b>15.005</b>	<b>18.425</b>	<b>279</b>	<b>232.076</b>	
Resultat etter skatt			4.957	5.383	5.281		15.621	
<i>Utvida resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			-1.926				-1.926	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			520				520	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						11.537	11.537	
<b>Totalresultat 31.12.2013</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3.551</b>	<b>5.383</b>	<b>5.281</b>	<b>11.537</b>	<b>25.752</b>	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2012				-2.056			-2.056	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-500		-500	
<b>Eigenkapital 31.12.2013</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>137.482</b>	<b>18.332</b>	<b>23.206</b>	<b>11.816</b>	<b>255.272</b>	
Resultat etter skatt			14.419				14.419	
<i>Utvida resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon							0	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon							0	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						-1.780	-1.780	
<b>Totalresultat 30.06.2014</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>14.419</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-1.780</b>	<b>12.639</b>	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2013				-2.056			-2.056	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-173		-173	
<b>Eigenkapital 30.06.2014</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>151.901</b>	<b>16.276</b>	<b>23.033</b>	<b>10.037</b>	<b>265.682</b>	





# Kontantstramanalyse

	Morbank			Konsern		
	2.kvartal	2.kvartal	31/12-2013	2.kvartal	2.kvartal	31/12-2013
	2014	2013		2014	2013	
i 1.000 kr						
<b>Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar</b>						
Resultat før skattekostnad	16.601	11.395	20.967	16.796	11.393	20.524
Betalt skatt i perioden	-4.429	-4.947	-4.430	-4.429	-4.947	-4.447
Tap/gevinst ved sal av anleggsmidlar	5.136	1.858	-223	5.136	1.858	-223
Ordinære avskrivningar	1.760	1.037	3.724	1.760	1.037	3.730
Forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn/utbet i ordning.	-1.550	-1.500	-260	-1.550	-1.500	-260
Endring utlån (inn- og utbetalingar utlån/utnytt rammekreditt)	97.241	35.569	23.942	97.241	35.386	23.942
Endring gjeld til kredittinstitusjonar	-10.131	-17	10.003	-10.131	-17	10.003
Endring innskot frå kundar	222.439	44.908	74.674	222.439	62.173	74.674
Endringar verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	18.684	-246	466	18.684	-246	466
Endring i andre tidsavgrensingspostar	197	3.384	-7.058	1	-13.696	-8.904
<b>Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>345.948</b>	<b>91.441</b>	<b>121.805</b>	<b>345.947</b>	<b>91.441</b>	<b>119.505</b>
<b>Kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>						
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar		0	223	0		223
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar		-350	-652	0	-350	-652
Utbetalningar ved kjøp av aksjar i dotterselskap			-2.301	0		
Innbetalningar ved sal av langsiktige verdipapir (investeringsportefølje)		11.100		0	11.100	
Utbetalningar ved kjøp av verdipapir tilgjengeleg for sal	-8.965	-2.662		-8.965	-2.662	
Innbetalningar ved sal av langsiktige aksjar og andelar i andre føretak	8.020		12.880	8.020		12.880
Utbetalningar ved kjøp av langsiktige aksjar og andelar i andre føretak			-8.274	0		-8.274
<b>Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-945</b>	<b>8.088</b>	<b>1.876</b>	<b>-945</b>	<b>8.088</b>	<b>4.177</b>
<b>Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar</b>						
Innbetalningar ved opptak av obligasjonsinnlån	100.326	198.060	298.905	100.326	198.060	298.905
Utbetalningar ved nedbetaling av obligasjonsinnlån	-145.000	-133.000	-270.000	-145.000	-133.000	-270.000
Utbetaling av utbyte	-2.056	-2.056	-2.056	-2.056	-2.056	-2.056
Utbetalningar til gåver	-173	-250	-500	-173	-250	-500
<b>Netto kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>-46.903</b>	<b>62.754</b>	<b>163.349</b>	<b>-46.903</b>	<b>62.754</b>	<b>26.349</b>
<b>Netto kontantstraum for perioden</b>	<b>298.100</b>	<b>162.283</b>	<b>150.030</b>	<b>298.099</b>	<b>162.283</b>	<b>150.031</b>
Kontantar og kontantekvivalentar ved byrjinga av perioden	331.798	181.768	181.768	331.799	181.768	181.768
<b>Kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden</b>	<b>629.898</b>	<b>344.051</b>	<b>331.798</b>	<b>629.898</b>	<b>344.051</b>	<b>331.799</b>
Denne er sett saman av:						
<b>Kontantar og fordringar på sentralbankar</b>	<b>399.699</b>	<b>275.032</b>	<b>138.505</b>	<b>399.699</b>	<b>275.032</b>	<b>138.506</b>
<b>Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar</b>	<b>230.199</b>	<b>69.019</b>	<b>193.293</b>	<b>230.199</b>	<b>69.019</b>	<b>193.293</b>

# Notar

## 1 Generell informasjon

Indre Sogn Sparebank er ein ekte lokalbank med kunden i sentrum. Banken er sjølvstendig og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Banken tilbyr primært banktenestene sine til person- og næringslivskundar i Indre Sogn, men har òg avdeling i Bergen og har elles kundar ut over kommunegrensene. Indre Sogn Sparebank er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Rekneskapet gjeld for perioden 01.01.2014 til 30.06.2014. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. Indre Sogn Sparebank innreknar dotterselskapet Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS i konsernrekneskapet frå og med 01.05.2013 og har utarbeida konserntal for perioden frå oppkjøp til 30.06.2014.

Rekneskapet for andre kvartal 2014 vart vedteke av styret 13. august 2014.

## 2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

Rekneskapet til Indre Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkningar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Dei same rekneskapsprinsippa og berekningane som vart nytta i årsrekneskapen for 2013, med tillegg av IFRS 3 for konsernrekneskap frå og med 31.12.2013, er nytta i delårsrekneskapen for andre kvartal 2014 med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

Når det gjeld ytingar til tilsette, pensjon, nytta Indre Sogn Sparebank tidleg bruk av revidert IAS 19 ved konvertering til IFRS i 2011. Endringar som følgje av IAS 19 har ikkje innverknad på rekneskapstala for 2013 eller tidlegare periodar.

For meir informasjon om rekneskapsprinsipp og informasjon om rekneskapsestimat, viser banken til årsrapporten for 2013 for Indre Sogn Sparebank.



### 3 Konserndanning

Indre Sogn Sparebank har kjøpt opp og kontrollerer 100 % av Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS. Selskapet skal drive med eigedomsmekling i Indre Sogn. Selskapet har tre tilsette.

Selskapet vart overteke 01.05.2013 og er ein del av den strategiske satsinga til banken på eigedomsmekling.

Innrekna goodwill i selskapet skuldast at selskapet har opparbeida seg høg marknadsandel og kompetanse på området. Indre Sogn Sparebank tilbyr eit breiare produktspekter som følgje av oppkjøpet og forventar at dette skal betre innteninga.

Den verkelege verdien av føretaket ved kjøp var NOK 1,3 mill. som vart oppgjort med kontantar.

Den 10. desember 2013 utvida banken eigenkapitalen til dotterselskapet med 77 aksjar à NOK 13.000.

#### Goodwill

Innrekna goodwill i selskapet skuldast at selskapet har opparbeida seg høg marknadsandel og kompetanse på området. Indre Sogn Sparebank tilbyr eit breiare produktspekter som følgje av oppkjøpet og forventar at dette skal betre innteninga.

Goodwill vert vurdert for nedskrivning ved kvart rapporteringstidspunkt. Goodwill NOK 912.000 referer seg til overtakinga av Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS den 01.05.2013. Banken si oppfatning er at denne verdien er intakt pr. 30.06.2014.

### 4 Transaksjonar med nærstående partar

#### Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS

Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS er eit 100 % eigd dotterselskap og er eit reint eigedomsmeklingsføretak.

I konsernrekneskapen er bankinnskot eliminert med NOK 9,3 mill.

Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS har eit overrskot etter skatt pr. 30.06.2014 på NOK 196.986. Sjå òg note 3.

### 5 Hending etter balansedag

Det har ikkje forekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapet eller i notar til rekneskapet.



## 6 Informasjon om sektor og næring på utlån og fordringar til kunder og innskot frå kunder

i 1.000 kr

	Morbank				Konsern		
	30.06.2014	30.06.2013	2013 +/-	31.12.2013	30.06.2014	30.06.2013	31.12.2013
Lønstakarar	2.065.394	2.129.701	-109.504	2.094.794	2.066.212	2.130.337	2.096.363
Jordbruk, skogbruk, fiske	40.347	45.631	-7.441	43.016	40.347	45.631	43.016
Industri	32.992	36.848	6.830	33.807	32.992	36.848	33.807
Bygg og anlegg	84.642	92.922	3.142	88.802	84.642	92.922	88.802
Handel, hotell, transport, tenester	188.088	188.949	14.543	222.789	188.088	188.949	222.789
Finansiering, eigedomsdrift	265.917	266.805	-25.041	286.107	265.917	266.805	286.107
Offentleg forvaltning og andre	45.033	51.710	-8.395	54.832	45.033	51.710	54.832
<b>Sum utlån før nedskrivningar</b>	<b>2.722.413</b>	<b>2.812.566</b>	<b>-125.866</b>	<b>2.824.147</b>	<b>2.723.231</b>	<b>2.813.202</b>	<b>2.825.716</b>
Individuele nedskrivningar	-9.668	-13.707	3.883	-14.361	-9.668	-13.707	-14.700
Gruppevise nedskrivningar	-6.500	-7.000	800	-6.300	-6.500	-7.000	-7.000
<b>Sum utlån til og fordringar på kunder i balansen</b>	<b>2.706.245</b>	<b>2.791.859</b>	<b>-121.183</b>	<b>2.803.486</b>	<b>2.707.063</b>	<b>2.792.495</b>	<b>2.804.016</b>
Utlånportefølje hos Eika Boligkreditt AS	834.924	596.786	342.486	683.576	834.924	596.786	683.576
<b>Totale utlån</b>	<b>3.541.169</b>	<b>3.388.645</b>	<b>221.303</b>	<b>3.487.062</b>	<b>3.541.987</b>	<b>3.389.281</b>	<b>3.487.592</b>

  

Innskot frå kunder	Morbank				Konsern		
	30.06.2014	30.06.2013	2013 +/-	31.12.2013	30.06.2014	30.06.2013	31.12.2013
Lønstakarar	1.494.970	1.382.952	185.075	1.383.891	1.494.970	1.382.952	1.383.891
Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	56.722	56.109	9.976	54.742	56.722	56.109	54.742
Industri	39.937	57.632	19.904	37.565	39.937	57.632	37.565
Bygg og anlegg	37.796	39.677	-23.907	56.992	37.796	39.677	56.992
Handel, hotell, transport, tenester	40.370	47.017	-17.901	51.107	31.037	35.802	36.198
Finansiering, eigedomsdrift	405.010	397.464	-54.149	333.331	405.010	397.464	333.331
Offentleg forvaltning og andre	293.751	135.528	178.087	228.490	293.751	135.528	228.490
<b>Sum innskot</b>	<b>2.368.557</b>	<b>2.116.379</b>	<b>297.086</b>	<b>2.146.118</b>	<b>2.359.224</b>	<b>2.105.164</b>	<b>2.131.209</b>

## 7 Misleghald og tap på utlån morbank og konsern

### a) Brutto- og netto misleghaldne engasjement

i 1.000 kr

	30.06.2014	30.06.2013	31.12.2013
<b>Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar</b>			
Misleghald næringslivskundar	9.521	11.044	17.955
Misleghald personkundar	19.560	16.586	11.859
= Brutto misleghaldne engasjement	29.081	27.630	29.814
- Individuelle nedskrivningar	1.858	6.360	5.544
= <b>Netto misleghaldne engasjement</b>	<b>27.223</b>	<b>21.270</b>	<b>24.270</b>

### b) Engasjement som er tapsutsette men ikkje misleghaldne

Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	38.005	27.731	39.734
- Individuelle nedskrivningar	7.810	7.347	8.817
= <b>Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement</b>	<b>30.195</b>	<b>20.384</b>	<b>30.917</b>

### c) Kostnadsførte tap gjennom året

	30.06.2014	30.06.2013	31.12.2013
Kostnadsførte konstaterte tap med tidligare individuelle nedskrivningar	6.699	3.560	9.210
Kostnadsførte konstaterte tap utan tidligare individuelle nedskrivningar	767	280	398
Inngått på tidligare konstaterte tap	397	0	131
Nye individuelle nedskrivningar	2.900	2.675	7.596
Auke i eksisterande individuelle nedskrivningar	0	1.340	3.200
Konstaterte tidligare individuelle nedskrivningar	6.789	37	9.487
- Reduserte individuelle nedskrivningar	4.693	3.860	500
= <b>Netto resultat effekt individuelle nedskrivningar</b>	<b>2.375</b>	<b>3.957</b>	<b>10.286</b>
+/- Periodens endring i gruppenedskrivning	200	-300	-1.000
= <b>Kostnadsførte tap på utlån</b>	<b>2.575</b>	<b>3.657</b>	<b>9.286</b>
= <b>Tapskostnader på garantiar i inneverande år</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

#### Individuelle nedskrivningar på utlån og garantiar gjennom året

+ Individuelle nedskrivningar på utlån per 01.01	14.361	13.551	13.552
- Konstaterte tap gjennom året som er individuelt nedskrivne tidlegare år	6.789	3.560	9.487
+ Netto auke individuelle nedskrivningar gjennom året	0	1.340	3.200
+ Nye individuelle nedskrivningar gjennom året	2.900	2.675	7.596
- Tilbakeførte individuelle nedskrivningar på utlån gjennom året	805	300	500
= <b>Individuelle nedskrivningar på utlån</b>	<b>9.667</b>	<b>13.706</b>	<b>14.361</b>

#### Tapsavsetninger på garantiar

= <b>Tapsavsetninger på garantiar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Gruppenedskrivningar på utlån m.v. gjennom året</b>			
Gruppenedskrivningar til dekking av tap på utlån m.v. pr. 01.01	6.300	7.300	7.300
+/- Endring gruppenedskrivning gjennom året	200	-300	-1.000
= <b>Gruppenedskrivning til dekking av tap på utlån</b>	<b>6.500</b>	<b>7.000</b>	<b>6.300</b>

### d) Inntektsførde renter der det er føreteke nedskrivning

Inntektsførde renter på utlån der det er føreteke nedskrivning	795	693	1.229
--	-----	-----	-------

## 8 Engasjement med risikoklassifisering

i 1.000 kr.

Risikoklasse	Morbank		Morbank		Morbank		Morbank		Morbank	
	Brutto engasjement	Individuell nedskrivning	Gruppenedskrivning	Netto engasjement						
	30.06.2014	30.06.2013	30.06.2014	30.06.2013	30.06.2014	30.06.2013	30.06.2014	30.06.2013	30.06.2014	30.06.2013
<b>Personmarknad</b>										
Låg	2.212.825	2.260.669	100	1.606	67	820	2.212.658	2.258.243	61,5 %	67,9 %
Normal	47.211	47.605	0	0	0	0	47.211	47.605	1,3 %	1,4 %
Høg	6.538	6.149	29	326	19	166	6.489	5.657	0,2 %	0,2 %
Problemengasjement	3.034	4.054	1.716	1.323	1.154	676	165	2.055	0,0 %	0,1 %
Ikkje klassifiserte	5.634	7.536	13	630	8	322	5.613	6.584	0,2 %	0,2 %
<b>Sum</b>	<b>2.275.242</b>	<b>2.326.013</b>	<b>1.858</b>	<b>3.885</b>	<b>1.249</b>	<b>1.984</b>	<b>2.272.136</b>	<b>2.320.144</b>	<b>63,1 %</b>	<b>69,8 %</b>
<b>Næringsliv</b>										
Låg	744.250	806.099	0	290	0	148	744.250	805.661	20,7 %	24,2 %
Normal	95.219	131.297	0	2.975	0	1.519	95.219	126.803	2,6 %	3,8 %
Høg	57.608	80.881	7.310	6.557	4.915	3.348	45.383	70.976	1,3 %	2,1 %
Problemengasjement	2.885	2.644	500	0	336	0	2.049	2.644	0,1 %	0,1 %
Ikkjeklassifiserte	441.082	16	0	0	0	0	441.082	16	12,3 %	0,0 %
<b>Sum</b>	<b>1.341.045</b>	<b>1.020.938</b>	<b>7.810</b>	<b>9.822</b>	<b>5.251</b>	<b>5.016</b>	<b>1.327.984</b>	<b>1.006.100</b>	<b>36,9 %</b>	<b>30,2 %</b>
<b>Risikoklasse</b>	<b>Brutto engasjement</b>		<b>Individuell nedskrivning</b>		<b>Gruppenedskrivning</b>		<b>Netto engasjement</b>		<b>%</b>	
<b>TOTAL</b>	<b>30.06.2014</b>	<b>30.06.2013</b>	<b>30.06.2014</b>	<b>30.06.2013</b>	<b>30.06.2014</b>	<b>30.06.2013</b>	<b>30.06.2014</b>	<b>30.06.2013</b>	<b>30.06.2014</b>	<b>30.06.2013</b>
Låg	2.957.075	3.066.768	100	1.896	67	968	2.956.908	3.063.904	82,1 %	92,1 %
Normal	142.430	178.902	0	2.975	0	1.519	142.430	174.408	4,0 %	5,2 %
Høg	64.146	87.031	7.339	6.883	4.934	3.515	51.873	76.633	1,4 %	2,3 %
Problemengasjement	5.920	6.697	2.216	1.323	1.490	676	2.214	4.699	0,1 %	0,1 %
Ikkjeklassifiserte	446.716	7.552	13	630	8	322	446.695	6.600	12,4 %	0,2 %
<b>Sum</b>	<b>3.616.287</b>	<b>3.346.951</b>	<b>9.668</b>	<b>13.707</b>	<b>6.500</b>	<b>7.000</b>	<b>3.600.120</b>	<b>3.326.244</b>	<b>100,0 %</b>	<b>100,0 %</b>

Brutto engasjement inkluderar utlån til kundar før nedskrivning, unyttta kredittrammer, garantiar og unyttta garantirammer.

## 9 Gjeld ved utsteda verdipapir

i 1.000 kr

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi			Rente- vilkår
				30.06.2014	30.06.2013	31.12.2013	
<b>Sertifikat- og obligasjonslån</b>							
NO0010566847	19.03.2010	19.03.2015	165.000	165.034	164.834	164.922	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
NO0010592058	19.11.2010	19.11.2014	150.000	105.331	150.277	150.361	3 mnd. NIBOR + 1,30 %
NO0010612419	06.06.2011	06.06.2014	100.000	0	100.158	100.172	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
NO0010649205	06.06.2012	06.06.2017	125.000	125.070	124.957	125.058	3 mnd. NIBOR + 2,25 %
NO0010664931	30.11.2012	30.11.2015	100.000	100.226	100.191	100.201	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
NO0010671274	06.02.2013	06.02.2017	100.000	100.355	100.179	100.197	3 mnd. NIBOR + 1,20 %
NO0010672967	07.03.2013	07.03.2016	110.000	110.282	59.970	110.317	3 mnd. NIBOR + 1,10 %
NO0010699176	13.12.2013	13.12.2018	50.000	49.973		49.962	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
NO0010700370	14.01.2014	14.10.2016	100.000	100.328			3 mnd. NIBOR + 0,83 %
<b>Sum gjeld ved utsteda verdipapir</b>				<b>856.597</b>	<b>800.566</b>	<b>901.190</b>	
<b>Fondsobligasjonar</b>							
NO0010238264	29.09.2004	Evigvarande Calldato 29.09.2014	40.000	39.994	39.925	39.953	3 mnd. NIBOR + 2,15 % 1)
NO0010606270	06.05.2011	Evigvarande	60.000	58.338	58.054	58.188	3 mnd. NIBOR + 5,50 % 2)
NO0010675747	30.04.2013	Evigvarande Calldato 30.04.2018	40.000	40.229	40.171	40.196	3 mnd. NIBOR + 4,90 % 3)
<b>Sum ansvarleg lånekapital</b>				<b>138.561</b>	<b>138.150</b>	<b>138.337</b>	

1) Frå 29.09.2014 aukar rentetillegget (margin til referanserente) med 1 % til 3,15 %.

Banken kan frå 29.09.2014 og ved seinare rentereguleringsdatoar i september innfri lånet heilt til kurs 100 %.

2) Lånet har ein konverteringsrett for obligasjonseigarane, som kan velja å kovertere obligasjonar til eigenkapitalbevis til kurs 100 på kvart rentebetalingstidspunkt fram til og med 15.03.2016. Rentevilkåra til lånet er inklusive konverteringsretten er uvesentleg forskjellige frå alternative vilkår utan konverteringsrett. Banken har difor ikkje skilt ut ein eigenkapitalandel frå lånet. Lånet tel som kjernekapital.

3) Lånet tel som kjernekapital også etter EU-forordningen for Basel III, og er godkjent av Finanstilsynet som kjernekapital.

Banken kan frå 30.04.2018, og seinare kvartalsvis på rentereguleringsdatoar, innfri lånet heilt til kurs 100 %.



## 10 Ansvarleg kapital

i 1.000 kr

	Morbank			Konsern		
	30.06.2014	30.06.2013	31.12.2013	30.06.2014	30.06.2013	31.12.2013
<b>Kjernekapital:</b>						
Eigenkapitalbevis	31.625	31.625	31.625	31.625	31.625	31.625
Overkursfond	32.812	32.812	32.812	32.812	32.812	32.812
Sparebankens fond	137.805	133.931	148.470	137.482	133.927	138.887
Gåvefond	23.033	18.175	17.925	23.033	18.175	23.206
Utjamningsfond	16.276	12.949	12.949	16.276	12.949	18.332
Frådrag	-33.687	-31.359	-27.087	-34.851	-32.271	-29.658
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>207.864</b>	<b>198.133</b>	<b>216.694</b>	<b>206.377</b>	<b>197.217</b>	<b>215.204</b>
Fondsobligasjonar	137.915	137.507	137.711	137.915	137.507	137.711
<b>Kjernekapital</b>	<b>345.779</b>	<b>335.640</b>	<b>354.405</b>	<b>344.292</b>	<b>334.724</b>	<b>352.915</b>
<b>NETTO ANSVARLEG KAPITAL</b>	<b>345.779</b>	<b>335.640</b>	<b>354.405</b>	<b>344.292</b>	<b>334.724</b>	<b>352.915</b>
<b>Eksponeeringskategori:</b>						
Statar	0	0	0	0	0	0
Lokal regional styresmakt	2.200	3.669	2.200	2.200	3.669	2.200
Institusjonar	136.625	87.679	123.816	136.625	87.679	123.816
Føretak	185.075	170.586	178.454	182.813	169.328	176.193
Massemarknad	0	0	0	0	0	0
Pantesikra eigedom	1.187.800	1.226.232	1.228.462	1.187.800	1.226.232	1.228.462
Forfalne engasjement	27.838	24.004	28.013	27.838	24.004	28.013
Obligasjonar med fortrinnsrett	11.488	11.482	11.442	11.488	11.482	11.442
Andelar verdipapirfond	0	33.117	34.909	0	33.117	34.909
Andre engasjement	218.750	201.952	203.331	219.625	202.594	203.898
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	136.463	122.766	136.467	136.463	122.766	136.467
Frådrag	-43.938	-38.663	-37.292	-44.075	-38.663	-37.428
<b>SUM BEREKNINGSGRUNNLAG</b>	<b>1.862.300</b>	<b>1.842.824</b>	<b>1.909.801</b>	<b>1.860.775</b>	<b>1.842.208</b>	<b>1.907.971</b>
<b>Kapitaldekning %</b>	<b>18,57 %</b>	<b>18,21 %</b>	<b>18,56 %</b>	<b>18,50 %</b>	<b>18,17 %</b>	<b>18,50 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning %</b>	<b>18,57 %</b>	<b>18,21 %</b>	<b>18,56 %</b>	<b>18,50 %</b>	<b>18,17 %</b>	<b>18,50 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning %</b>	<b>11,16 %</b>	<b>10,75 %</b>	<b>11,35 %</b>	<b>11,09 %</b>	<b>10,71 %</b>	<b>11,28 %</b>

## 11 Eigenkapitalbevis

Banken sine eigenkapitalbevis er alle ført i 1 -ein- klasse og utgjør per 30.06.2014 NOK 31.625.000 delt på 632.500 eigenkapitalbevis pålydande NOK 50,-.

Eigarandelsbrøken for 2013 er utrekna med utgangspunkt i eigenkapitalfordeling pr. 31.12.2012, justert for utbetalingar gjennom 2013. Tilsvarande er eigarandelsbrøken for 2014 utrekna med utgangspunkt i fordeling pr. 31.12.2013 justert for utbetalingar gjennom 2014.

i 1.000 kr

<b>Eigarandelsbrøk, morbank</b>	<b>30.06.2014</b>	<b>30.06.2013</b>	<b>31.12.2013</b>
Eigenkapitalbevis	31.625	31.625	31.625
Overkursfond	32.812	32.812	32.812
Utjamningsfond	16.276	12.949	16.276
<b>Sum eigarandelskapital (A)</b>	<b>80.713</b>	<b>77.386</b>	<b>80.713</b>
Sparebankens fond	137.805	133.931	137.805
Gåvefond	23.033	18.175	23.206
<b>Grunnfondskapital (B)</b>	<b>160.838</b>	<b>152.106</b>	<b>161.011</b>
Fond for urealisert vinst	10.037	1.316	11.816
Avsett utbyte, gáver og konsernbidrag	0	0	2.056
Anna eigenkapital	0	8.728	0
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>251.588</b>	<b>239.535</b>	<b>243.114</b>
<b>Eigarandelsbrøk A / (A+B)</b>	<b>33,41 %</b>	<b>33,72 %</b>	<b>33,39 %</b>
<b>Utbyte</b>			
Avsett utbyte per eigenkapitalbevis (tal i heile kr.)	3,25	0,00	3,25
Samla utbyte	2.056	0	2.056

Dei 20 største eigarane pr. 30.06.2014 utgjør 48,35 % av eigenkapitalbeviskapitalen.

30.06.2014					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	SECURUS AS	10.000	1,58 %
VERDIPAPIRFONDET EIK	41.930	6,63 %	THU LEIF MAGNE	8.498	1,34 %
DØSKELAND BØRGE	32.980	5,21 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,20 %
ROGNE HELGE	24.313	3,84 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,08 %
EUROVEST AS	23.321	3,69 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,05 %
BEEES HOLDING AS	23.000	3,64 %	MOEN EGON MOGENS	6.000	0,95 %
EIKA GRUPPEN AS	11.200	1,77 %	HARALD ESPEDAL AS	5.966	0,94 %
TH DAHL AS	10.800	1,71 %	HALVARD HANEVOLD AS	5.700	0,90 %
ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,58 %	WIKBORG TORD GEIR	5.550	0,88 %
HEYERN AS	10.000	1,58 %	NOTOV AS	5.140	0,81 %
<b>SUM</b>				<b>305.831</b>	<b>48,35 %</b>

30.06.2013					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	EUROVEST AS	8.320	1,37 %
TERRA UTBYTTE VPF	41.930	7,38 %	TH DAHL AS	8.244	1,30 %
HILLEIK AS	33.816	5,35 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,26 %
ROGNE HELGE	26.233	3,87 %	THU LEIF MAGNE	6.853	1,21 %
BEEES HOLDING AS	23.000	3,64 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,20 %
DØSKELAND BØRGE	22.500	1,77 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,08 %
WAHLSTRØMERIK	12.095	1,58 %	MOEN EGON MOGENS	6.000	1,05 %
EIKA GRUPPEN AS	11.200	1,58 %	WIKBORG TORD GEIR	5.550	0,95 %
ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,49 %	HUGIN INVEST AS	5.000	0,88 %
HEYERN AS	10.000	1,30 %	GG EIENDOM AS	5.000	0,79 %
<b>SUM</b>				<b>307.174</b>	<b>48,57 %</b>



## 12 Verdipapir

Verdsettjingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi. Verkeleg verdi tilsvarar balanseført verdi.

i 1.000 kr.

	30.06.2014			Total
	NIVÅ 1 Kvoterte prisar i aktive marknader	NIVÅ 2 Verdsettjings- teknikk basert på observerbare marknadsdata	NIVÅ 3 Verdsettjings- teknikk basert på ikkje observerbare marknadsdata	
Verdipapir haldne for handelsføremål				0
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi	0	166.196	8.507	174.703
Verdipapir tilgjengeleg for sal			89.836	89.836
<b>Sum eigendelar</b>	<b>0</b>	<b>166.196</b>	<b>98.343</b>	<b>264.539</b>

### Avstemming av nivå 3

Inngående balanse 01.01.2014	95.265
Urealisert gevinst og tap resultatført	-242
Urealisert gevinst og tap i andre resultatkomponentar	-1.779
Investering	9.065
Sal	-3.966
<b>Utgående balanse 30.06.2014</b>	<b>98.343</b>

	30.06.2013			Total
	NIVÅ 1 Kvoterte prisar i aktive marknader	NIVÅ 2 Verdsettjings- teknikk basert på observerbare marknadsdata	NIVÅ 3 Verdsettjings- teknikk basert på ikkje observerbare marknadsdata	
Verdipapir haldne for handelsføremål				0
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi	25.782	169.870	10.483	206.135
Verdipapirer tilgjengeleg for sal			71.575	71.575
<b>Sum eigendelar</b>	<b>25.782</b>	<b>169.870</b>	<b>82.058</b>	<b>277.710</b>

### Avstemming av nivå 3

Inngående balanse 01.01.2013	90.655
Urealisert gevinst og tap resultatført	48
Urealisert gevinst og tap i andre resultatkomponentar	1.037
Investering	3.198
Sal	-12.880
<b>Utgående balanse 30.06.2013</b>	<b>82.058</b>

## Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi:

**Nivå 1** – Verdsetjing skjer i høve til kvoterte prisar i ein aktiv marknad for identiske eigendelar/forpliktingar. Eit finansielt instrument vert vurdert som kvotert i ein aktiv marknad dersom kursar er enkelt og regelmessig tilgjengeleg frå ein børss, forhandlar, meklar, næringsgruppering, prissettingsteneste eller reguleringsstyresmakt, og desse kursane representerer faktiske og regelmessig førekomande marknadstransaksjonar på ei armlengd avstand. I kategorien inngår mellom anna børssnoterte aksjar og likvide aksje- og pengemarknadsfond.

**Nivå 2** – Verdsetjing skjer gjennom annan input enn kvoterte prisar på nivå 1 som er observerbare for eigendelen/forpliktinga, enten direkte eller indirekte (utleia prisar). I dei tilfelle der det ikkje finst tilgjengelege marknadsprisar i ein aktiv marknad, er instrumenta først og fremst forsøkt verdsett ved hjelp av verdsetjingsmetodar basert på observerbare input/og eller tilnærma likearta instrument/produkt. Prising av renteberande papir, mellom anna fastrenteutlån, vert basert på rentekurver henta i aktive marknader. Verkeleg verdi på finansielle instrument tilgjengeleg for sal, vert fastsett for obligasjonar av Swedbank.

**Nivå 3** – Verdsetjing på input som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Dersom fastsetjing av verdi ikkje er tilgjengeleg i høve til nivå 1 og nivå 2, vert verdsetjingsmetodar som baserer seg på ikkje-observerbar informasjon nytta. For aksjar som ikkje vert handla i regulert marknad vert siste omsette kurs nytta, eller nylege emisjonskursar, et. bokført verdi av eigenkapital. Konsernet gjer føresetnader basert på marknadsforholda som eksisterer på kvar balansedag. Verdien på aksjane i Eika Gruppen er vurdert ut frå verdsetjing føreteke av finansavdeling i Eika Gruppen. Verdien er vurdert etter anerkjente metodar for verddivurdering, og er utført av Eika Gruppen AS sin bankanalytikar. Verdien er sett til NOK 100,- pr. aksje.



